



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Døsjagrovi kraftverk BA
v/Luster Energiverk AS
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

Vår dato: **08 APR 2014**

Vår ref.: 200705134-41

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Magne Geir Verlo

22 95 95 34

Oversending av konsesjon for Døsjagrovi kraftverk - Døsjagrovi - Luster kommune - Sogn og Fjordane

Vi syner til dykkar søknad datert 24.04.2007.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Døsjagrovi kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gjeve i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gjeve i vedlagde KSK - notat nr 13/2014 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Døsjagrovi kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gjev ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelt andre som har rettar i området.

NVE skal på bakgrunn av søknad fastsetje konsekvensklasse for dam og vassveg etter damsikkerhetsforskrifta. Konsekvensklasse er avgjerande for krav til tryggleik som vert stilt til planlegging, bygging og drift av dam og vassveg, og vedtak om konsekvensklasse skal ligge føre før det vert utarbeidd tekniske planar etter damsikkerhetsforskrifta. NVE sin sakshandsamar for fastsetjing av konsekvensklasse og godkjenning av tekniske planar er Oddvar Indrebø i seksjon for damsikkerheit i tilsyn- og beredskapsavdelinga.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. Detaljerte planar for miljø og landskap skal leggast fram for NVE sitt regionkontor i Førde.

Vi viser elles til NVE sin rettleiing 2 og 3 frå 2013 "*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga.*" og "*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*" som ligg på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at det ikkje må

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

setjast i gong noko anleggsarbeid før planar for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan de få ved å vende dykk til næraste tollstad.


Forholdet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspontanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Magne Geir Verlo
senioringeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Døsjagrovi kraftverk
KSK-notat nr 13/2014 – Bakgrunn for vedtak

Kopi:

Luster kommune, 6868 GAUPNE
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkeshuset, 6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Trolladalen 3g, 6856 SOGNDAL
Luster Bygdeutval v/Olav Døsen, 6872 LUSTER
Gøril Urdahl, 6872 LUSTER
Hans H. Urdahl, 6872 LUSTER
Hans V. Bringeboen, 6872 LUSTER
Harald Herum, 6872 LUSTER
Håkon Fuhr, 6872 LUSTER
Ivar Devold, 6872 LUSTER
Kari Lavoll, 6872 LUSTER
Lars Kalstad, 6872 LUSTER
Olav Døsen, 6872 LUSTER
Olga Ellingseth, 6872 LUSTER
Ottar Jan Bolstad, Blåkklokkevn 11, 3612 KONGSBERG
Åse Bruland Lavoll, Hjortefaret 45, 6800 FØRDE